

## Haustetidsvurdering tysdag 21. august

Tysdag 21. august vart det gjort nye målingar av Discovery, Summerred og Gravenstein. Det er teke ut eple som har best utvikling på trea. Discovery har på tidlege plassar fått raud skinande dekkfarge og ein lys gul grunnfarge. Sukkerinnhaldet vil auke etterkvart som stive blir omdanna til sukker når frukta modnar. Kvaliteten på Discovery vil difor bli endå betre når den får hange utover denne veka.

Når haustinga tek til må ein kun plukke den best utvikla frukta på trea. **Sjå på grunnfargen som skal vere lys gul!** Ved 2. hausting ei veke seinare har ein fått fin kvalitetsheving på mykje av frukta som hang att.

### Discovery

Dyrkar	1) K O Loen	2) E T Rake	3) Kåre Strand	4) G A Vereide	5) M Andenes	Rettleiande
Adresse	Loen	Rake	Rake	Vereide	Vereide	
Dato	21.08.2018	21.08.2018	21.08.2018	21.08.2018	21.08.2018	
Fruktvekt	0,153	0,139	0,16	0,16	0,167	
Avling	3	2 til 3	2 til 3	2 til 3	3	
Fastleik	7,7	7,4	8,1	8	8,2	7,0-8,0
Ref	11,7	11,9	12,7	10,8	11,6	10,8
Stive	4	5,5	3,5	4,1	3,1	6,0-8,0
Streif	0,165	0,114	0,182	0,18	0,23	0,09-0,16



Bilete frå prøve nr 2 som er komen lengst i utvikling: Fint utvikla skinande raud dekkfarge og lys gul grunnfarge. Stiveverdi på 5,5 nærmar seg optimalområde. Fruktfastleik 7,4 nærmar seg og optimalområdet. Hausting kan ta til fram mot helga.



På seinare stadar bør ein vente med starthausting av Discovery til over komande helg. Dette er siste prøveuttak av Discovery.



## Summerred

Dyrkar	1) K O Loen	2) E T Rake	3) Kåre Strand	4) G A Vereide	5) M Andenes	Rettleiande
Adresse	Loen	Rake	Rake	Vereide	Vereide	
Dato	21.08.2018	21.08.2018	21.08.2018	21.08.2018	21.08.2018	
Fruktvekt	0,148	0,142	0,191	0,166	0,166	
Avling	3.0	2 til 3	2 til 3	3	3	
Fastleik	7,7	7,5	7,8	7,3	7,5	6,5-7,0
Ref	10,6	10,6	11,5	10,5	10,7	10,5
Stive	3,5	3,7	3,8	5,1	3,4	5,0 - 7,0
Streif	0,207	0,192	0,179	0,137	0,204	0,09-0,16



Bilete frå prøve nr 4 som er kome lengst i utvikling. Fin raud dekkfarge og ein grunnfarge som nærmar seg kravet C3 på fargevifta, men som enno er litt for grøn. Enno ein del å gå på i fruktfastleik og stivenedbryting. **Sukkerinnhaldet i Summerred treng enno eit løft**, som den vil få når stivenedbrytinga held fram. Frukt er enno så fast i fruktkjøtet at den toler å hange på ei stund til.

Nye prøvar tysdag 28. august vil fortelje meir om haustestart kan bli i slutten av neste veke på tidlege plassar.

## R. Gravenstein

Dyrkar	1) K O Loen	2) E T Rake	3) Olin Austrheim	4) G A Vereide	<b>Rettleiande</b>
Adresse	Loen	Rake	Sandane	Vereide	
Dato	21.08.2018	21.08.2018	21.08.2018	21.08.2018	
Fruktvekt	0,188	0,206	0,206	0,192	
Avling	2 til 3	2 til 3	2 til 3	3	
Fastleik	7,7	7,7	7,9	7,9	6,5 -7,5
Ref	10	11	10,5	10,2	10,8
Stive	1,9	2,5	1,6	1,6	5,0- 7,0
Streif	0,404	0,28	0,47	0,487	0,09-0,16



Bilete frå prøve nr 2 (unge tre) som er komen lengst i utvikling, men som har ei god stund fram til starthasting. Fruktstorleiken er god, men verken dekkfarge eller grunnfarge er ferdig utvikla. Stiveverdi på 2,5 viser og at her enno er att mykje stive som skal omdannast til sukker og gje auka refraktometerverdi før starthasting.

Nye prøvar blir teke ut tysdag 28. august. Då blir det også med nokre få prøvar med Aroma.

Helsing

Rune Vereide